

Tilbakemelding vedkomande oppføring av frittliggjande bod på eigedommen.

I førehandskonferansen den 02.02.2016 vart det stilt spørsmål om det lar seg gjere å føre opp frittliggjande boder på eigedommen mot nabogrensa til gnr 140/49.

Det kan førast opp ein frittliggjande bygning på inntil 50 m<sup>2</sup> (BYA OG BRA), når tiltaket er i samsvar med gjeldande plangrunnlag. For denne eigedommen er det kommuneplanen sin arealdel som er gjeldande plan, og alle tiltak må stetta krava i punkt 5.14. Den frittliggjande bygningen må vera innanfor krava i Byggesaksforskriftten § 4-1 bokstav a:

«Frittliggende bygning på bebygd eiendom som ikke skal brukes til beboelse, og hvor verken samlet bruksareal (BRA) eller bebygd areal (BYA) er over 50 m<sup>2</sup>. Mønehøyde skal ikke være over 4,0 m og gesimshøyde ikke over 3,0 m. Høyde måles i forhold til ferdig planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen. Bygningen kan oppføres i en etasje og kan ikke underbygges med kjeller. Tiltaket kan plasseres inntil 1,0 m fra nabogrense og annen bygning på eiendommen. Bygningen må ikke plasseres over ledninger i grunnen.»

Når det gjeld avstand frå den frittliggjande bygningen, til bygning/tiltak på annan eigedom, må den vera 2 meter eller meir, jf. rettleiar til Teknisk forskrift § 11-6:

Byggverk i risikoklasse 1 med bruttoareal til og med 50 m<sup>2</sup> og liten eller middels brannenergi, kan plasseres nærmere byggverk i annen bruksenhets uten at det treffes særlige branntekniske tiltak. Er avstanden mindre enn 2,0 m mellom byggverk i ulike bruksenheter, må disse være skilt med branncellebegrensende bygningsdel eller bygningsdeler i hvert av byggverkene som til sammen gir samme brannmotstand.

Oppføring av fleire frittliggjande bygningar på eigedommen kan utløyse krav om søknadsplikt.

Knarvik, 03.02.2016

Siri Sylta  
Avdelingsleiar byggesak